

Det skjer stadig noko i Ospelunden byggjefelt.

21.03.2016



Jan og Shiley Nordli får seg eit flott hus med aldeles nydeleg utsikt i Ospelunden

Aktiviteten i Ospelunden byggjefelt har vore stor dei siste åra. Mest iaugnegravende akkurat no er den store og flotte einebustaden til Odda-paret Shirley og Jan Nordli som er under byggjing. Men det er fleire ting på gong. Dei har no fått dispensasjon frå reguleringsplanen, og dermed er det klar for byggjing av ein tomannsbustad og ein tremannsbustad.

Den horisontdelte tomannsbustaden kjem i indre delen av feltet i området mellom einebustaden til Annemor Rød og garasjen til Kåre K. og Kirsten Rød. Denne tomta er seld, og kjøpar skal stå for bygginga sjølv. Søkjar er Hus i Hus gjennom Kvinnherad Bygg AS. Tomta er 973 kvadratmeter. Prosjektet innebefatter ingen større inngrep i nærmiljøet og er ikkje til ulykke for resten av bustadmiljøet i området, heldt rådmannen fram i saksutgreiinga som vart lagt fram i forvaltningskomiteen då saka var oppe der for stutt tid sidan.

Tremannsbustaden kjem i ytre delen av feltet. Den vert bygt like innanfor einebustaden til Janne og Geir Inge Koløy. Denne kjem Ospelunden til å byggja sjølv for så å leggja leilighetene ut for salg. Husbankfinansiering er i orden, og Oddbjørn Kroka i Ospelunden seier at dei truleg vert lagt ut for salg på seinvåren.

Hovudleiligheten i huset til Nordli skal etter planen vera klar rundt 1.mai. I dette huset vert det også utleigeleilighet i kjellaren.

Oddbjørn Kroka kan elles fortelja at det er selt ei tomt høgare oppe i feltet. Denne er kjøpt med tanke på byggjing litt fram i tid. Med å kjøpa alt no har kjøpar sikra seg ei svært attraktiv og fin tomt.

- Vi bør selja nokre få tomter til før vi startar arbeidet med å tilretteleggja denne delen av feltet, avsluttar ein optimistisk Oddbjørn Kroka vel vitande om at han rår over eit felt med mange flotte utsiktstomter.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland og Ola Matti Mathisen